



SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og start med å sjå Venner på skolen - YouTube
	• I filmen samanliknar dei vennskap med spel, der nokon er verdt meir poeng enn andre. • Opplevast det slik av og til?
	• Helst vil vi at alle er venner og alle kjenner seg med i flokken, men ofte er det ikkje slik. • Kva er typiske utfordringar i vennskap for tenåringer?
Gjer øvinga: Kva er viktig i vennskap Introduksjon: Vennskap kan vere vanskeleg i alle aldrar, men spesielt i overgang mellom barn og ungdom er det mange som kjenner at det også handlar om val om kven ein vil vere. Nokon blir definert som dei populære, utan at det betyr at dei treng å vere spesielt godt likt eller spesielt kjekke å vere saman med. Likevel kan mange tenkte at dei helst vil vere saman med desse. Kva bør vere viktig for oss når vi skal velje kven vi vil vere saman med? Gjer ei påstandsoving der elevane går til eine sida av rommet om dei er einige, og den andre om dei er ueinige. Når dei har valt side får dei snakke litt saman der om kvifor dei valte dette før gruppa eventuelt presenterer argument for svaret sitt til klassa. Påstandar de kan bruke: • Vi går i 7. klasse (for å sjekke at dei forstod instruksjonane) • Det er viktig at venner har same interesser som meg • Venner skal vere til å stole på • Venner som har gjort noko dumt bør få ein ny sjanse • Venner skal først og fremst ha det gøy i lag • Venner er viktige til å snakke med om ting som skjer i livet • Det er greitt for meg at vennane mine har andre bestevenner • Vi kan vere venner sjølv om vi er veldig ulike Desse siste påstandane kan ein bruke i trygge klasser, men ein bør vere varsam i klasser der ein veit at maktspelet er stort: • Det er viktig å vere populær • Populære elevar er alltid kjekke å vere saman med • Populære elevar har mykje makt • Det kan vere skummelt å vere ærleg når nokon har mykje makt i venneflokkar	
Gruppepress Vi skal sjå NRK Super - Klassen sjølv om episoden er ganske lang. De kan enten sjå heile samanhengande og jobbe med øvingane etterpå, eller de kan pause den på • 03:07 (etter Mathias har snakka til kamera) Be elevane snakke litt saman om kva som skjedde i denne scena. Kvifor tørr ikkje Noah vere ærleg med kameratane sine? • 07:20 (musikk og elevar som går på skuleplassen) Be elevane snakke saman om kva som skjedde her. Var det greitt at Noah tipsa læraren om dei andre sine telefonar når dei hadde sendt han stygge meldingar? • Sjå resten. Til slutt kan elevane snakke om kva dei syntest som måten dei ordna opp på. Kvifor trur dei at dei aksepterte Noah sitt val sjølv om dei tidlegare hadde tøysa med dansing, og Noah hadde tipsa læraren om telefonane deira i timen. Er dei snillare med Noah fordi han er så god i fotball at dei treng han der, eller ville dei gjort dette for alle venner?	

NÅR DU OPPLEVER GRUPPEPRESS:

1. Kva vil gruppa du skal gjere?
2. Vil du det?
3. Er det bra for deg?
4. Kvifor vil gruppa dette?
5. Kva du vil velje og korleis du kan sei frå?
6. Stå opp for deg sjølv og valet ditt!

Noah opplevde gruppepress, og når ein opplever det er det lurt å gå igjennom denne sjekklista

1. Kva vil gruppa du skal gjere?
2. Vil du det?
3. Er det bra for deg?
4. Kvifor vil gruppa dette?
5. Kva du vil velje og korleis du kan sei frå?
6. Stå opp for deg sjølv og valet ditt!

La bildet stå framme på øvinga under:

Del klassa i to. Halve klassa skal vere gruppa som presser og den andre halve skal vere eleven sitt *indre hjelpelag* – altså gode hjelparar i tankane. Spør om ein elev er frivillig til å bli utsett for gruppepress og la denne kome fram.

Vel noko gruppa skal presse eleven til. Det kan vere skulke, sende melding frå nokon andre sin mobil, stele godteri på butikken, prøve snus eller alkohol, lure nokon til å tru at eleven er forelska i hen på tull, eller noko anna som dei kjem på.

- La elevane som utøver gruppepress sette i gang å presse eleven med ulike argument og heiarop. (Dei kan framleis sitte på plassane sine)
- Stopp etter litt og spør eleven og hjelpelaget spørsmål 1-3
- Spør gruppa som presser spørsmål 4
- La eleven og hjelpelaget finne svar på spørsmål 5
- Eleven står opp for seg sjølv (punkt 6) og du instruer gruppepress-gjengen om å akseptere svaret og la det bli ein lykkeleg slutt.

Gjenta dette med 2-3 eksempel til, eller så ofte som det er nyttig for klassa. Bytt på kven som er gruppepressarar og kven som er hjelpelag mellom kvart rollespel.



Sjå [Rumors Spread About Me At School - YouTube](#) og snakk med elevane: Kva skjedde med jenta? Korleis løyste ho dette? Korleis opplevast det å få spreidd rykte om seg trur du?

Sokrates trippelfiltertest:**Fortel til elevane:**

Sokrates var ein av verdens mest berømte filosofar. Han levde i Hellas i 469-399 f.Kr. Sokrates brukte å gå rundt og snakke med folk og få dei til å tenke på nye måtar. Ei av historiene frå Sokrates sine samtalar handlar om rykte, og er nok like relevant for oss i dag som då. Sokrates møtte ein som ville fortelje han noko om ein dei begge kjente, men før

han fekk fortelje stoppa Sokrates han og sa «Før du fortel meg det du har tenkt å sei vil eg at du let dette passere gjennom ein liten test – ein trippelfilter-test.

- Det første filteret er: Er du sikker på at det du skal seie er sant? Nei? Er det berre noko du har høyrte?
- Det andre filteret er: Har du vurdert om det du skal sei er snilt eller godt? Eller har du tenkt å fortelje meg noko du ikkje veit er sant, og som heller ikkje er snilt eller godt?
- Då må det i så fall passere filter 3: Er dette nyttig for meg å vite? Dersom det kanskje ikkje er sant, og det heller ikkje er snilt – kva nytte har eg av å høyre det?»

Forklar elevane at ofte er årsaka til at vi fortel rykte, sjølv om dei ikkje passerer denne testen, at vi brukar det for å vere interessante. Mange synes rykte er spennande, og det å dele rykte kan virke som ei investering i å bli opplevd som interessant og spanande sjølv. Ved å fortelje rykte brukar vi altså noko som er vondt for den det gjeld som betaling for å bli sett på som spanande sjølv for andre. Nokon andre betaler prisen, og vi får gevinsten. Men kjennes det eigentleg greitt å gjere dette? Det er jo ganske slem – og dei fleste ønskjer ikkje å vere slemme? *Tenk på dei siste rykta du har høyrte eller fortalt. Ville dei bestått Sokrates sin test?*

Er denne testen like lur å bruke i dag som då?